
Vår referanse 2020/48329-3
Dato 28.04.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att. Eirik Berntsen

Kulturminnefagleg fråsegn - Oppfølging av mogleg ulovleg tilhøve - gnr. 471, bnr. 6 - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Saka gjeld oppfølging av mogleg ulovleg tiltak på eigedom gnr. 471, bnr. 6 i Alver kommune. Det er mellom anna tale om eit terrenginngrep med masseutskifting. Tiltaket medfører endra bruk av areal frå landbruksjord til parkering/biloppstillingsplass, det totale arealet som er endra er ca. 80 kvm.

I saker som omhandlar arealendringar skal Seksjon for kulturarv vurdere om tiltaket kjem i konflikt med kulturminnelova, i dette tilfellet § 3. Forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne, dette gjeld både kjende og ukjende automatisk freda kulturminne som vist i § 4. Vår oppgave er i dette tilfelle å vurdere behovet for ei arkeologisk registrering <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>. I denne saka ville tiltakets art og omfang blitt vurdert til å vere eit mindre privat tiltak og kostnadane ved ei arkeologisk registrering og ei eventuell arkeologisk utgraving ville ha blitt dekkja av staten jf. kulturminnelova § 10. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-207-dekning-av-utgifter-til-arkeologis/id452417/>

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i arealet som er endra, men det er registrert fleire automatisk freda kulturminne i nærområdet. Blant anna er det nord for bruket registrert dyrkingsspor frå eldre bronsealder (Askeladden id. 112417), sør for bruket er det registrert ein gravhaug frå folkevandringstid (Askeladden id. 55264) og ein frå vikingtid Askeladden id. 45502). Det er difor potensiale for funn av nye automatisk freda kulturminne i området. Dyrka mark har potensiale for funn av gravminne, åkrar og gardstun frå bronse-, jarn- og mellomalder.

På bakgrunn av funn i området ville me normalt ha vurdert ei synfaring, for å ta stilling til om det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering. Vi ser at tiltaket allereie er utført og vår moglegheit for å vurdere området i forhold til kulturminnelova er vesentleg redusert. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift